



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Postboks 2076  
3103 TØNSBERG

Dato: 28.03.2022  
Vår ref: 21/06549-4  
Deres ref: 2021/10342

## Fråsegn til høyring av verneplan for 11 nye naturreservat i Vestfold og Telemark

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG\_NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 27. januar 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### Om saka

Statsforvaltaren sender med dette 11 verneplanar - vern av frivillig skog på privat grunn - på høyring. Områda har kome inn som tilbod frå private grunneigarar i perioden 2017-2021. Høyringa omfattar følgjande område:

- Grønlifjellet naturreservat, Drangedal kommune
- Sannesnåsa naturreservat, Drangedal kommune
- Hovdestøyl og Songedalsnuten naturreservat, Fyresdal kommune
- Tårånli naturreservat, Kviteseid kommune
- Gongefjell naturreservat, Nome kommune
- Svarteputt naturreservat, Nome kommune
- Sauås og Suggås naturreservat, Nome kommune
- Meheia og Tiurleikåsen naturreservat, Nome kommune
- Husefjell naturreservat, Nome kommune
- Bjønneholun naturreservat, Seljord kommune
- Hønsegjuvet naturreservat, Seljord kommune

### Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til varsel om oppstart av vernearbeid for fleire av områda som no er lagt ut på høyring, datert 20.12.2012. Tre av områda røre ved mineralske ressursar eller berggrettar. DMF registrerer at vår uttale er tatt til etterretning i verneforslaga for



Sannesnåsa, Hovdestyøy og Songedalsnuten. Vi har dermed ikkje merknader til desse eller andre områdar utan registrerte mineralske ressursar.

#### Husefjell naturreservat, Nome kommune

DMF opplyste i fråsegn til varsel om oppstart at verneområdet ved Husefjell ligg inntil to uttak i drift, Kjeldal massetak og Stormo Sandtak.<sup>1</sup> DMF oppmoda Statsforvalteren til å innhente informasjon om det føreslegne verneområde overlappar med områdar som kan være aktuelle for framtidig utviding av dei etablerte uttaka.

Statsforvaltaren har kommentert merknaden med følgande:

*«Slik vi tolker avgrensningen på både kommuneplanens arealdel og tilbudsavgrensningen blir grensene liggende inntil hverandre. Dersom det allikevel viser seg at det er overlapp vil vi justere grensene slik at det ikke oppstår konflikt.»*

DMF presiserer at vi er samde i at verneområde som ligg til høyring ikkje overlappar med konsesjonsområda til uttaka. Vårt fråsegn var retta mot eventuelle framtidig utviding av områda. Det er drivarane av uttaka som har best kunnskap om aktuelle utvidingsområde.

DMF føresette derfor at Statsforvaltaren kontaktar drivarane av Kjeldal massetak og Stormo Sandtak for å avklare dette. Dersom areal som ligg i det føreslegne verneområdet blir utpeikt som aktuelle utvidingsområder, bør Statsforvalteren vurdere om grensene skal justerast.

DMF ynskjer i denne samanhengen å minne om at alternativet til å utvide eksisterande uttak ofte er å opne nye uttak i tidlegare uberørte områder, eller innkjøp av massar som må transporterast lengre. Sett frå eit klima- og miljøperspektiv kan derfor utviding av eksisterande uttak i mange tilfelle være ein god løysning.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Øyvind Wormdal Selboe  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

---

<sup>1</sup> DMFs kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>



Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestfold og Postboks 2076

Telemark

3103 TØNSBERG

Kopi til: